

næringsliv

Nyhtsledelsen - telefon: 52 72 04 56
 Tipstelpon: 52 72 22 22
 Epost: redaksjonen@haugesunds-avis.no
 SMS/MMS: hatips til 1932

Investeringsstøtte til vindkraft

OSLO: Enova presenterte mandag et nytt vindkraftprogram med investeringsstøtte til utbygging av vindkraft i Norge. Enova, som er etablert for å ta initiativ til og fremme en miljøvennlig omlegging av energibruk og energiproduksjon i Norge, vil støtte de mest kostnadseffektive prosjektene, inntil målet om 3 TWh vindkraft er nådd innen utgangen av 2010. Det statlige selskapet har siden 2001 støttet til vindparker med kontraktfestet årlig produksjon på 1,4 TWh. For å nå målet må ytterligere 1,6 TWh bygges ut, opplyser Enova i en pressemelding. **NTB**

Jaktar små kundar

Dekoratør Linn Høiness Reitan (30) har lenge leika med tanke om eigen business. På reise i utlandet fann småbarnsmora frå Haugesund konseptet som nå blir sett ut i livet.

Tekst: ARNE FRØKEDAL

Haugesund: Etter ti års arbeid for kleskjeda Hennes & Mauritz i Haugesund går Linn H. Reitan i gang med eige aksjeselskap. Ein rein interiørbutikk for barn.

– Eg trur me er relativt åleine i landet om ein slik nisjebutikk, seier den nybakte gründeren.

Kidsroom AS

Saman med ektemannen Eirik Reitan (31) har den entusiastiske haugesundsjenta stifta Kidsroom AS med 350.000 kroner i aksjekapital.

– Eg har lenge hatt lyst til å jobba med noko som er mitt eige og tenkt på barneromsinteriør. I Danmark og Tyskland såg eg at det var veldig mykke å velja i. Noko det absolutt ikkje finst heime utan at du flyg rundt i mange butikkar, fortel dagleg leier og styreleiar i Kidsroom AS.

Sjølvlært

Ideen var sådd og like over nyttår trykte 30-åringen på knappen. Gründerarbeidet starta på Internett med lesing og studering seint og tidleg.

Linn H. Reitan lært sjølv korleis ho skulle gå fram med å få registrert selskap, skaffa revisor, gå gjennom heile papirmølla



BARNEROMSSPECIALISTEN: Linn Høiness Reitan, her med sonen Aleksander, har vist heime i Hervikvegen korleis det er mogeleg å laga koselege barnerom.

FOTO: ARNE FRØKEDAL

fram til etablering og forholda seg til kemner og likningskontor.

To småbarn

– Eg grua meg, men prosessen gjekk veldig fint, sjølv om det var veldig mykke å setja seg inn i, fortel ho.

Etableringa har skjedd i fødselspermisjon, utan at ho føler det har gått ut over borna, Malin (3) og Aleksander (7 månader), og heim. Ektemannen har gitt ei fantastisk støtte og deltatt på oppstartsseminar i regi av Haukeland Vekst saman med den komande forretningskona.

– Det er så mykke fint å velja i til barnerom og eg gleder meg som ein unge til å starta med denne unike spesialbutikken, seier ho.

Skjoldavegen

Den ivrige gründeren tok også Internett i bruk for å skaffa varer til den nye butikken. Ho enda opp i korrespondanse i diverse land i verda.

I dag står ho med forhandlaravtale med mellom 15 og 20 leverandørar, hovudsakleg i Danmark, Tyskland.

Kidsroom blir ein del av Solvangen Nærcenter i Skjoldavegen, og har leigd 150 kvadratmeter under Tito. Her kjem det også daglegvarer og andre butikkar. Opninga skjer i månadsskiftet juli/august.

– Eg føler at det meste er under kontroll. Me overtar lokala denne veka og eg gleder meg verkeleg til å gå laus på inn-

rejtinga. Det skal bli ein superlekker butikk, seier Haugesundsjenta som har reist heile landet rundt som dekorator for H&M.

Ekspansjon?

Kidsroom legg seg på eit nøktern inntektsnivå i startfasen, men er spente på responsen.

– Sjølv om det er den kreative lysta som driv meg, er målet å kunna leva av dette. Eg opplever

alt stor interesse og mange spørsmål frå den aktuelle kundegruppa.

Folk brukar mykke pengar på børna sine i dag, og dersom dette går skikkeleg bra her på Haukelandet, utelukkar eg ikkje at me vil prøva konseptet andre stader, seier Linn H. Reitan som også satser på internettbutikk og ekssterne dekoratortjenester for barnefamiliar.

«Har lengta etter å driva med eige»

Linn Høiness Reitan

Bli kjent med Haugesund gjennom Ditt Distrikt!®

ditt@distrikt

Lokalinformasjon samlet på ett sted!

Katalogen hjelper deg med:

- Oversikt over lokale bedrifter, organisasjoner og offentlige etater
- Fritidsaktiviteter, kulturtilbud og aktivitetskalender
- Kommunal og nyttig informasjon
- Lokale kart
- Telefonregister

ditt@distrikt
Liten, lett og rask å bruke

Ditt Distrikt® logo i samarbeid med H.A. Kommunikasjon, handelsrådshamringen, turistforeningen og turistinformasjonen. Kartkunst: 815-44-420 / kartkunst@hdbank.no

arne.frokdal@haugesund-avis.no